

**Fylkesstyret:**

Namn	Verv	Oppmøte	Mobil	E-post
Inge Martin Karlsvik, 6490 Eide	Leiar	Møtt	95264979	inge.karlsvik@mimer.no
Birgit Oline Kjerstad, 6293 Longva	Nestleiar	Møtt	48111549	birgitkj@online.no
Anne Katrine Jensen, 6638 Osmarka	Styremedlem	Møtt	90156039	anne.katrine@hansgarden.no
Hans Frafjord, 6390 Vestnes	Styremedlem	Møtt	41518991	hfracf@broadpark.no
Audun Skjervøy, 6210 Valldal	Styremedlem	Møtt	99579175	audun@storstova.no
Arne Rekkedal, 6165 Sæbø	1. vara	Møtt	99649978	arne.rekkedal@tussa.com
Solveig Linge Stakkestad, 6210 Valldal	Fylkesleiar BKL	Møtt	95856643	solveig@linge.bz
Kari Haugen, Hovdal, 7620 Skogn	Fylkesleiar BU	Forfall	97171623	haugenkari@live.no
<b>Til orientering:</b>				
Janne Mork, 6530 Averøy	2. vara		90030329	janne.mork@svorka.net
Petter Melchior, 6214 Norddal	3. vara		92283477	petter.melchior@c2i.net
<b>Sekretariatet:</b>		<b>Tlf. arbeid</b>		
Gunnar K. Wentzel,	org.-sjef	71202897	90729582	gunnar.wentzel@bondelaget.no
Arild Erlien - Til 16.45	org.-konsulent	71202895	99726399	arild.erlien@bondelaget.no
Atle Frantzen	org.-konsulent	71202894		atle.frantzen@bondelaget.no
Anne Turid Myrbostad	sekretær	71202890	95944610	anne.turid.myrbostad@bondelaget.no

## Protokoll frå styremøte i Møre og Romsdal Bondelag

### Tysdag 7. september 2010 kl. 10.30 – 16.00

### på Fellekjøpets møterom i Molde

Leiaren innleia med tankar om aktuelle ting i sommar og aktivitetar vi har hatt så langt i haust, om våre prioriteringar, korleis vi framstår som næring, matmarknad og -prisar.

#### 1/2010 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Innkalling og sakliste godkjend.

#### 2/2010 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 10. Juni 2010

**Vedtak:** Protokoll frå styremøtet 10. juni 2010 godkjend.

#### SAK 44/2010: Oppsummering etter årsmøtet i Norges Bondelag

**Vedlegg:** Pressemelding med bilete, som også er lagt ut på heimesida og sendt i lokallagsbrev juli. Sjå også omtale i referatsaker.

Det kom fram: Årsmøtet fungerer for lite som politisk verkstad og for lite synleg utad.

**Vedtak:** Styret meiner det var eit godt årsmøte med direkte tale og open drøfting, også frå topp-tillitsvalde, og god stemning. Styret merkar seg det som kom fram i årsmøtet i det vidare arbeidet.

#### SAK 45/2010: Saker på arbeidsplan komande året

##### A) Virksomhetsplan for Norges Bondelag 2010/2011

Norges Bondelag vil i haust gå ut med nokre prioriterte mål slik som i fjor, jfr prosenttoll.

- Skulle hatt melding i media om kva som er produsert siste månad. Teke mot tal kalvar.

**Vedtak:** Fylkeslaget vil i tillegg til sakene nemnt frå Norges Bondelag arbeide spesielt med

1 Rekruttering – Likestilling – Kompetanse som vedteke i vårt årsmøte 2010.

2 Rammvilkår for Landbruket på Vestlandet

#### Bondelagets Servicekontor AS

<b>Postadresse:</b> PB 2047 Moldegård 6402 Molde	<b>Besøksadresse:</b> Fannestrandveien 63. Molde	<b>Telefon:</b> 71 20 28 90	<b>Mobil:</b> 907 29 582	<b>E-postadresse:</b> More.romsdal@bondelaget.no
<b>Møre og Romsdal Bondelag</b>	<b>Org.nr.:</b> 939678670	<b>Bankkonto:</b>	3980.07.11308	<b>Internet:</b>
<b>Bondelagets Servicekontor AS</b>	<b>Org.nr.:</b> 985063001 MVA	<b>Bankkonto:</b>	8101.05.91392	www.bondelaget.no/moreogromsdal

**B) Før årsmøterunden i lokallaga - Utkast til idear, tema og innleiarar på møter i lokale Bondelag**

Framlegg blir sendt laga + tema som FMLA og Gjensidige kan bidra med på BL-samlingar.

1 Rekruttering – Likestilling – Kompetanse som vedteke i vårt årsmøte 2010.

2 Rammvilkår for Landbruket på Vestlandet

3 Jorbruksforhandlingane og inntektsmulegheiter og -utviklinga i høve til fakta.

Prøve å lage diskusjonsretta opplegg som tek opp forholdet mellom større og mindre bruk, familiebruk og samdrifter. Skilnaden mellom produksjonar. Samvirke kontra andre private.

Storfé og beitekravet - jfr mjølkekartongen.

**C) ”Fadder-ordning” for årsmøterunden i lokallagene.** Vedlegg utdelt og gjennomgått.

Styremedlemmer og tilsette har ansvar for 5 lokallag kvar m.o.t. å ha kontakt med lokallaget om årsmøtet, og eventuelt delta på årsmøtet om laget ønskjer det. Men dette er ikkje til hinder for at lokallaget kan ha andre innleiar.

**SAK 46/2010: Innspel til programma i dei politiske partia**

Fylkeslaget har tidlegare dokument: Ti krav for å vidareutvikle landbruksnæringa i Møre og Romsdal

Uttale til jordbruksforhandlingane. Notat til Næringskomiteen om jordbruksoppgjæret 2010

Dette kom fram: Fokus i høve til fylkes- og lokalval.

Kommunane handsamar: Konesjonssaker. Frådeling. Buplikt.

Bruke kommunebrosjyra og evt sende ut i framkant av programarbeidet til kommunane, før valet, eller dele ut på første kommunestyremøte.

**Vedtak:** Fylkeslaget vil lage innspel til programma i dei politiske partia i fylket og evt kommunane basert på tidlegare dokument og nye prioriteringar frå Norges Bondelag og vedlagd kommune- eller fylkesbrosjyre.

**SAK 47/2010 Felles Grøntutval for Vestlandet**

**Vedlegg:** Skriv frå Sogn og Fjordane Bondelag.

Det bør bli vurdert korleis vi kan vareta frukt – bær – grønsaker – potet, evt via tillitsvalde i grøntnæringa i fylket framfor jordbruksforhandlingane.

Dette kom fram:

Ønskjeleg at alle grøntproduksjonane er med.

Mellom produsentane hevda at det er lite arbeid på grønt i N Bondelag.

Vurdere samarbeid om dei grøvre grønsakane med Trøndelag.

**Vedtak:** Styret ønskjer å halde fram samarbeidet i eit felles Grøntutval for Vestlandet.

Vi vil oppmode om at Sogn og Fjordane eller Hordaland Bondelag er sekretariat for utvalet.

Utvalet bør speile alle produksjonane om muleg.

Vår representant i utvalet er Audun Skjervøy.

**SAK 48/2010: Gjennomgong av landbrukspolitikken**

Vedlegg utdelt.

Styret gjorde 10. juni vedtak om å setje ned ei arbeidsgruppe i fylkeslaget som skal sjå på korleis vi bruker midlane i jordbruksavtala og om det er muleg å bruke midlane smartare.

Styret starta ein felles gjennomgong av aktuelt bakgrunnsmateriale og problemstillingar.

Tema vil vere m.a.: Fordeling av budsjettmidlane. Bakgrunns materialet for forhandlingane og innverknad på fordelinga. Arbeidsgruppa med Inge Martin, Anne Katrine og Gunnar legg fram tilråding til muleg bruk i Vestlandssamarbeidet, overfor laga og uttale framfor forhandlingane 2011.

Strategi for vidare arbeid m.a. med Vestlandet:

Samarbeidet ønskjeleg å halde fram, gjerne meir effektivt enn før basert på tidlegare saker.

Gjerne felles prioriterte saker som kan bli sendt laga i nov/des samtidig med studiematerialet frå NB.

Alle fylker og regionar fortel om kor ille det er, kva blir vår alternative strategi.

Agder og Telemark ønskjer å samarbeide – det kan vere t.d. om arealtillegga – ”teigtillegg” og investeringspakke for mindre og mellomstore produksjonsomfang.

**Vedtak:** Styret arbeider vidare med sakene når innspelet frå arbeidsgruppa ligg føre.

Konklusjonane vil vere aktuelle å bruke overfor lokallaga og uttale framfor jordbruksforhandlingane.

**SAK 49/2010: Handlingsplan Rekruttering – Likestilling – Kompetanse**

Oppfølging av årsmøtevedtak om arbeidet med dei tre sakene og løyving av kr 400.00 frå fylket. Aktuelt å presentere tiltak både i lokallagsmøta, på Leiarmøtet i november og på årsmøtet i mars. Styret delte seg i 3 arbeidsgrupper i møtet som planlegg konkrete tiltak: Det ligg føre notat om aktuelle tiltak på kvart arbeidsområde.

**Rekruttering:** Inge Martin. Audun. Sekr: Gunnar og Arild.

Rekruttering er ein hovudstrategi.

Dei som driv i dag som har stort ansvar for rekrutteringsprosessen og kva gjer vi overfor den målgruppa – forpaktningsavtaler, gode døme.

Fadderordning der etablerte bønder er fadder / mentor for yngre bønder.

Kommunane og leigejord, oppfølging av leigeavtaler og jordbank.

Sjå på tiltak som verkar til å selje gard i drift og ved sal til nabobruk. Skatt og avgift ved sal av gard er slik at ein må ha relativt høg pris for å sitte att med nok til ny bustad etter sal.

Sjå på lovverket konsesjonslov og odelslov.

Naudsynt at det er gardsbruk i fri handel.

Kan bli situasjonen at halvparten av nyrekrutteringa framover bør bli på gardsbruk selt i fri handel sidan halvparten av gardsbruka er lagt ned siste tiåret.

Det er eit velstandsfenomen at folk har råd til å sitte med garden utan å selje.

Det er både folk innan næringa og folk utanfor som ønskjer å kjøpe gard i fri handel.

Få fram bønder som har selt garden og valgt å selje til nokon som vil drive vidare.

Tema for innleiing på årsmøtekonferansen ved bonde.

Kurspakke utarbeide meir systematisk kurstilbod til medlemmer og tillitsvalde:

Samling nye unge bønder i organisasjonane Kurs eigarskifte. Kurs næringspolitikk. Kurs organisasjonsarbeid. Rekruttering av tillitsvalde til næringa ein del av prosjektet.

Få bønder, eller elevar, til å marknadsføre næringa og utdanningstilbodet på utdanningsmesse. Har vi godtgjersle til dei som stiller opp.

**Likestilling:** Birgit. Hans. Sekr: Anne Turid. **Vedlegg:** Notat frå Anne Turid.

Dette kom fram i plenum på likestilling: Kor mange kvinnemedlemmer tek over gard i medlemsstokken.

Finne gode førebilete i presentasjon av kvinner, som på årsmøtet.

- Kor god arena er vårt årsmøte til slik presentasjon?

Leggje meir arbeid på dei kvinnelege, som på facebook, den kulørte vekepressa,

Hesteinteresserte jenter på landbrukskulen få møte damer som har teke over gard.

Ungdomsskulen og yrkesretteleiing.

Nye måtar å drive gard på som løyser det sosiale, fleire familiar som driv gard i lag, få fram gode døme.

Møteplass for damer – få med unge jenter som kan snakke med andre damer, fadderordning eller tur eller del av kurs, eller sjå Gjermundnes.

Utfordre lokallaga om å tenkje jenter.

**Kompetanse:** Anne Katrine. Arne. Solveig. Sekr: Atle. **Vedlegg:** Notat frå Atle og møte Gjermundnes.

Dette kom fram i plenum: Agronomutdanninga for vaksne. Primært eit eittårig tilbod på skulen og framfor eit toårig nettbasert tilbod. Kan også vere slik at ein kan gå gjennom utan evt alle får godkjende eksamenspapir.

Leggje samling for unge bønder og liknande til Gjermundnes. Evt supplert med eit nettilbod.

Tiltakspakke til gjennomføring av studium for vaksne bønder.

Samordne kurstilbod i organisasjonane og marknadsføre det.

Fylkeskommunane skal engasjere seg i landbruk

Vurdere tilsvarande ordning som TAFF med opptak kvart andre år.

Vi må vurdere kva vi vil prioritere.

**Inge Martin oppretter facebook-side for Møre og Romsdal Bondelag.**

Hedmark Bondelag har lagt ut sakene sine på facebook der det går ut beskjed om at nå er det en ny sak. Diskusjonsside og tema som jordbruksavtala. Utfordringa er å få folk til å melde seg på.

**50/2010 Referatsaker****1 Medlemsutviklinga – Medlemsverving**

**Vedlegg:** Medlemstal lokallaga pr. 2 september 2010

Medlemstal 01/01-10: 3.424 Medlemstal pr 2. sept. 2010: 3.370 **-54**

Nyinnmelde i 2010: **79** Utmelde: 133 (av desse 10 døde)

**2 Nytt frå lokallaga**

Forutan fem Open Gard arrangement med lokale Bondelag som arrangørar, har Halsa Bondelag delteke på Bygdedagen i Halså, Vestnes Bondelag med dyreutstilling på Syltemartna i Tresfjord og Gjemnes Bondelag med dyreutstilling på Dyregod-dagane i Gjemnes.

**3. Aktuelle saker – politiske arbeid – orienteringar:**

**Handlingsplan for økologisk landbruk møte 22. sept hos FMLA.**

**Kravet om mosjon for storfe på bås** – blir det etterlevd. Jfr også mjølkekartongen: Mjølkekyrne har 8 veker sommarferie. Mattilsynet har peika på ein del forhold i Ørsta og andre bygder. Ta opp med laga.

**3.2 Klage på løyve frå kommunen til møkkaspreiing på frose mark** i Todalen frå Naturvernforbundet ikkje teke til følge av fylkesmannen.

**3.3 Leiar Magnus Jonsson i Oikos Midt-Norge:** Bama kan ha teke ut masse økomidlar til marknadsføring utan at dei var ekte interessert i å fremme øko-sal. Salet av øko-mjølke ned. Småbutikkar burde kunne bestille 5 liter av type drikkemjølke. Skiva øko-ost manglar i butikk. Tine marknadsfører no hardt Engfrisk, men ikkje øko-produkta. Coop Mega i Molde best på øko og småskala. Øko-miljøet vurderar om dei skal drive marknadsføringa sjølv. Landbruksrådgiving og øko-grøntproduksjon ei utfordring.

**3.4 Jordbruksoppgjøret 2010**

**E-post 16. Juni frå fylkesleiar Inge Martin Karlsvik til stortingsrepresentant Rigmor Andersen Eide (KrF):**

Etter å ha sett dine merknader i næringskomiteen angående jordbruksoppgjøret har jeg nok en gang fått bekreftet at KrF og ikke minst du er en av landbrukets næreste venner. Vi setter stor pris på alle kommentarene og forslag du har kommet med, ikke minst for at du trekker fram viktigheten av å styrke det grasbaserte husdyrholdet på Vestlandet og i de andre fjord- og fjellbygdene i Norge.

Likewise setter vi i Møre og Romsdal Bondelag er vi glad for at du peker på behovet for en kronemessig lik utvikling, samt et lavinntektstillegg for jordbruket.

Behovet for å styrke matsikkerheten, både gjennom beredskapslagring av korn, og ikke minst gjennom å styrke jordvernet er også veldig viktige faktorer for å få til en god landbrukspolitikk.

Jeg ser fram til å fortsette det gode samarbeidet vi i Møre og Romsdal Bondelag har, både med deg og KrF lokalt i fylket.

**Heimeside 10.09.2010: De nasjonale samvirkeforetakene har gitt rom for nye lokale aktører**

- Med så lave priser på matvarene som vi har sett i sommer er det noen som ikke tjener penger. Dette blir feil fokus for produsent, kjøpmenn, foredlingsindustrien og kvalitet til forbruker. Dette sa tidligere styreleder i Tine Norge, Fredmund Sandvik fra Meldal, på seminaret som Bondelaget arrangerte på Dyregod-dagene i Gjemnes nylig.

**Heimeside 30.08.2010: Neste generasjon bønder treng landbruksutdanning**

Det er god søking til naturbruk på Gjermundnes VGS hausten 2010. Ved skulestart er 46 elevar teke opp til 42 plassar. Men det er berre 3 på agronomutdanninga tredje året. Bondelaget i Møre og Romsdal vil arbeide vidare med tilbod om supplerande agronomutdanning i fylket.

**Heimeside 26.08.2010: Samarbeidet Bondelaget og Gjensidige gir resultater**

Samarbeidet Bondelaget og Gjensidige gir resultater. Bøndene i Nordmøre og Romsdal har de viktigste forsikringene på person. Bondelaget mener alle som har familie bør ha gruppeliv og ulykkesforsikring. Gruppeliv er den beste og billigste gjeldsforsikringa også. Det er gjerne lagt stor vekt på medlemsfordelene på skadeforsikring. Gjensidige mener de største medlemsrabattene faktisk ligger i personforsikringene, og spesielt ved økende alder.

**Heimeside 12.08.2010: Eventuelt nytt fjørfeslakteri i Midt-Norge må fange opp fylka i sør**

Styret i Møre og Romsdal Bondelag vil oppmode Nortura om at eit evt nytt fjørfeslakteri i Midt-Norge blir lokalisert sør i regionen slik at det ligg til rette for å fange opp produsentar i dei tre nabofylka i sør, som Møre og Romsdal, Oppland og Hedmark.

**Heimeside 11.08.2010: Bratt Areal er igjen grunnlag for søknad RMP – frist 20. august**

Gjennom jordbruksavtala som Norges Bondelag har forhandla fram i år vart igjen Bratt areal teke inn som grunnlag for å søkje på Regionalt Miljøprogram (RMP). Samstundes fell den relativt nye ordninga med tilskot til verdifulle kulturlandskap prioritert av kommunane bort. Det ikkje er midlar nok til begge tiltaka.

**Heimeside 24.06.2010: Hvor går norsk landbruk**

- Utvikling og fordeling i norsk landbruk er ikke slik leder Bjørn Gimming i Østfold Bondelag igjen forsøker å gi inntrykk. Det er ønskelig at situasjonen og utviklinga blir beskrevet slik den faktisk er, skriver fylkesleder i M&R Bondelag, Inge Martin Karlsvik i et leserinnlegg.

**Heimeside 22.06.2010: M&R Bondelag sluttar seg til nye RMP-forskrifter**

Styret i Møre og Romsdal Bondelag sluttar seg til dei nye forskriftene for Regionalt miljøprogram (RMP) for Møre og Romsdal. I all hovudsak er forskrifta den same som i 2009, men som ei følge av jordbruksoppgjøret har fylkesmannen teke ut fjorårets ordning i § 7 ”Tilskot til skjøtsel av verdifulle kulturlandskap”, og gjeninnført ordninga ”Tilskot til drift av bratt areal”.

**Heimeside 21.06.2010: Det midnorske landbruket etterspør ny forskning**

Det er et stort potensial for forskningsbasert næringsutvikling i landbruket, men det avhenger av at forskningsresultatene oppleves som relevante og blir tatt i bruk i næringa. For å sikre at dette skjer er det viktig at næringa selv spiller ei aktiv rolle under utviklingen og gjennomføringen av forskningsprosjektene, sier prosjektleder Øyvind Mejdell Jakobsen (bildet) i Oi! Trøndersk Mat og Drikke AS.

**Heimeside 18.06.2010: Må få nye målretta tiltak for Vestlands-jordbruket**

Vestlandet har ikkje blitt prioritert med nokre særskilde tiltak i den vedtekne avtala, seier styret i Møre og Romsdal Bondelag i si oppsummering av jordbruksforhandlingane 2010. Styret meiner stadig større del av matproduksjonen blir konsentrert i dei beste jordbruksområda i landet. Dette trugar viktige nasjonale mål om matproduksjon over heile landet og Vestlandsfylka sin spesielle verdi for nasjonal identitet og reiseliv.

**Heimeside 18.06.2010: Bønder og fiskere på fylkestinget**

Med 4600 medlemmer i ryggen møtte Inge Martin Karlsvik fra Bondelaget og Ole Morten Sorthe fra Fiskarlaget fylkestinget for å informere om utfordringer og muligheter for sine næringer. Møre og Romsdal er ett av landets ledende fylke på produksjon av mat. Råstoffet blir levert av bønder og fiskere, som representerer to viktige næringer både for sysselsetting og bosetting rundt om i Møre og Romsdal. (Omtale frå Romsdals Budstikke)

**Heimeside 17.06.2010: Mest og flest på Møre!**

I eit oppsett over fakta om utviklinga i landbruket i dei tre Vestlands-fylka, går det tydeleg fram at Møre og Romsdal har ”mest og flest” når det gjeld nedgang i produsent mengde innan fleire produksjonar og areal i drift.

**Heimeside 16.06.2010: Bondelagsleiaren i fylkestinget om status og utfordringar**

Rekruttering er ei av dei største utfordringane for landbruket i fylket. Fylkeskommunen arbeider på oppdrag frå departementet med tiltak for rekruttering, likestilling og kompetanse. Her har Møre og Romsdal Bondelag fått etterkomne søknad om å sette i verk ei rekkje tiltak etter vedtak i Nærings- og miljøutvalet. Dette sa leiar Inge Martin Karlsvik då han presenterte status og utfordringar for primærnæringsane for fylkestinget i Geiranger den 15. juni.

**Heimeside 11.06.2010: Fylkesstyret på utferd til Valldal**

Fleire gardsbesøk og orientering om landbruket i Norddal kommune sto på programmet då fylkesstyret i Møre og Romsdal Bondelag hadde styremøte og utferd i Valldal torsdag 10. Juni. Styret blei orientert om status og utford-

ringar for næringa i heile kommunen. Det ble sett på frukt- og bær dyrking på Linge (biletet) og i Valldal, og nytt samdriftsfjøs på Hjelme som er eit av fleire nye fjøs i kommunen der det lenge var tilbakegong i husdyrhaldet.

#### 4. Saker frå Bygdekvinnelaget

Ganefart 2010 opning i Møre og Romsdal med pressekonferanse på Smia i Kristiansund tysdag 22. Juni. Prosessen rundt nomineringa er viktig og 33 påmelde verksemdar.

Jakten på smaken av Norge ikkje høyrte meir frå ansvarleg.

NBK søkt om avtalemidlar til arbeid med GMO og eit matprosjekt rundt handboren kunnskap om tradisjonsmat med kompetansepersonar.

Mat, måltid og kosthald tema for samling på Skaret 2. Oktober.

#### 5. Saker frå Bygdeungdomslaget

#### 6. Referat skriv og meldingar

**Om driveplikt etter jordlova § 8. Kopi av ope brev frå Ola Hals i Ålvundfjord** med reaksjon på truslane i brev frå kommunen om driveplikt og evt bortleige. **Vedlegg.**

**Brev om Regionalt Miljøprogram frå medlem** som peiker på at bruk som ligg like høgt eller høgare enn setre som får setertillegg ikkje får tilsvarende tilskot som dei med seterdrift med mjølkeproduksjon.

#### 7. Referat frå møter og arrangement

##### 15. juni: Møte med fylkestinget i Geiranger kl 13.30.

Etter invitasjon frå fylkesordførar Olav Bratland og fylkesvaraordførar Svein A. Roseth stilte det opp representantar frå Ålesund Rederiforening, Møre og Romsdal Fiskarlag og Møre og Romsdal Bondelag ved leiar. Kvar organisasjon fekk 15 minuttar til eigen presentasjon. Deretter høve til spørsmål frå politikarane i fylkestinget. Inge Martin Karlsvik og Gunnar Wentzel.

##### 17. juni: Møte i skuleutvalet Gjermundnes landbruksskule, Gunnar Wentzel.

**18. juni: Samrådsmøte med Fylkesmannen si landbruksavdeling ved Ottar Longva og Synnøve Valle om informasjonsopplegg om landbruket. Gunnar Wentzel og Arild Erlien møtte frå Bondelaget.** Landbruksavdelinga vil vurdere vårt forslag om at dei har personar å sette inn med i vårt arbeid på Rekruttering – likestilling – kompetanse slik vi har invitert til. Delfinansiering ytterlegare tiltak kan også gå frå Landbruksselskapet.

På møtet vart det også orientert om:

\* Arbeidsplanen for økologi-satsinga på mjølk lite aktuell etter at Tine og Nortura har streka under at det ikkje er aktuelt for deira medarbeidarar å rekruttere fleire produsentar for tida sidan marknaden er dekkja. Drøfter saka med Landbruk Nordvest. Vanskeleg å tenkje seg omfattande arbeid med økologisk prod for planteprodukta i MR.

\* Rapport om økonomi ved større utbyggingar på Vestlandet frå NILF. Viser at det ikkje er nokon snarleg fare for konkurs, ingen angrar, ut omtrent som plan – men har auka produksjonen meir enn plan, lønsevne som andre vestlandsbruk,

\* Landbruksavd vil vere partner med Landbruk Nordvest på prosjekt Bonden som byggherre med over 700.000 kr frå Kompetansemidlar i næringa. Vurderer få med SogFj for å større brukargruppe.

\* FMLA vil sjølv ta ansvar for å selje Inn på tunet mot helse og sosial gjennom eige prosjekt over 3 år. Jfr fleire andre fylke. BU-midlar evt kun til opplæring bønder.

\* Dyrehelse og flåttbårne: Samarbeid med Høgskolen i Ålesund og doktorand om blodprøver dyr og folk. Eit anna prosjekt aktuelt hos Bioforsk Tingvoll over Forskningsrådet.

\* NRK storsatsing på produsere 5 program om kulturlandskap og der MR er aktuelt med.

##### 22. juni: Representantskapsmøte i Norges Bondelag, Lillehammer, Inge Martin Karlsvik og Gunnar Wentzel.

##### 23.-24. Juni: Årsmøtet i Norges Bondelag, Lillehammer.

Utsendingar frå Møre og Romsdal var forutan fylkesleiar Inge Martin Karlsvik dei årsmøtevalde utsendingane Anne Katrine Jensen, Birgit Oline Kjerstad, Hans Frafjord, for Audun Skjervøy møtte 2. vara Gunnbjørg Trondsen, for Arne Rekkedal møtte 6. vara Gunnar Wentzel, og Janne Mork. Odd Chr. Stenerud, Giske, deltok som ordstyrar i årsmøtet.

**30. juli Trøndersk Matfestival, seminar i Trondheim,** Anne Katrine Jensen. Møte med politikarar.

**12. august: møte med fylkeskommunane på Vestlandet, Fylkeshuset, Molde,** Inge Martin Karlsvik  
Saksbehandlarar med ansvar for landbruk i fylkeskommunen i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland møtast. Formålet er å utveksle erfaringar om korleis fylkeskommunane løysar sine landbruksoppgåver og diskutere evt samarbeid og felles satsingar. Var på jakt etter innspel frå næringa, og hadde med seg faglaga i Møre og Romsdal til å seie noko om utfordringar for vestlandsjordbruket, og forventningar til fylkeskommunen som landbrukspolitisk aktør.

**17. august: Møte om utdanning og Landbruksskolen, BL-kontoret,** rektor Aadne Haarr, skuleutvalet ved fylkesskogsjef Harald Nymoen, fylkesstyremedlem Anne Katrine Jensen og org.-sjef Gunnar Wentzel. Vedlegg – referat frå møtet. Sjå sak lagt ut på heimesida 30. August.

Det er god søking til naturbruk på Gjermundnes VGS hausten 2010. Ved skulestart er 46 elevar teke opp til 42 plassar. Men det er berre 3 på agronomutdanninga tredje året. Bondelaget i Møre og Romsdal vil arbeide vidare med tilbod om supplerande agronomutdanning i fylket.

**19. august: Telefonmøte om opplæring tillitsvalde i Midt-Norge,** Gunnar Wentzel

Det blir arbeidet vidare med felles opplegg i Samarbeidsrådet for Midt-Norge.

## Open Gard 2010

### Arrangørar av Open gard i Møre og Romsdal i 2010

DATO	ARRANGØR	VERTSKAP	STAD	Besøktal	Repr. frå styret
22. aug	Fræna BL	Elling og Sylvi Ann Kvammen	Elnesvågen	400	Hans
22. aug	Surnadal BL	Solveig Haglund/Martin Gausen,	Oppistua Øye, Surnadal	200	Anne Katrine
22. aug	Sykkylven BL	Aure Samdrift v/Olav Asbjørnsen	Sunnalssetra	1000	Inge Martin
22. aug	Valldal BL	Hjelme samdrift	Hjelme, Valldal	150	Audun
28. aug	Ørsta BL	Vassenden samdrift	Åmdal	350	Arne

**24. august: Møte med Gjensidige** kl. 10-12, heile fylkeskontoret. Omtale – sjå heimesida.  
Gjennomgang av felles arbeidsplan, verving og aktuelle saker ved Gjensidige og Bondelaget.

### 25.-28.august Matfestivalen i Ålesund:

**Stand 27. – 28. Aug** med konkurranse, plakater, banner, partytelt. 59 svarskjema.

Fredag 27. Aug: Anne K Jensen og Arild Erlien. Laurdag 28. aug: Hans Frafjord og Gunnar Wentzel

**26. august: Økologisk seminar** under Matfestivalen, Birgit Oline Kjerstad og Anne Katrine Jensen

**26. august: Daglegvaredagen,** Birgit Oline Kjerstad og Anne Katrine Jensen

**Syltemartna i Tresfjord 28.-29. August** – Stand Vestnes BL med dyr. 169 svarskjema

Laurdag 28. Aug: Anne K Jensen og Arild Erlien. Sondag 29. Aug: Birgit O Kjerstad og G Wentzel

**31. august og 1. September: Sekretariatskonferanse Norges Bondelag Hurdalssjøen/Oslo – heile fylkeskontoret**

### 3. september: Bondelagsseminar om samvirket på Dyregod-dagane.

Bondelaget i Gjemnes og Møre og Romsdal arrangerte ope fagseminar om samvirket i Kulturstuå under Dyregod-dagane på Batnfjordsøra i Gjemnes fredag 3. september frå kl. 12.00 til kl. 13.30

Innleiarar på fagseminaret var tidlegare styreleiar i Tine, Fredmund Sandvik og kjøpmann og næringslivgründer Erik Berg frå Molde. Møteleiar Inge Martin Karlsvik.

Tema var m.a. samvirket sin verdi for bonden, utfordringar og moglegheiter for landbruksnæringa, ”private labels”, daglegvaresektoren og regional næringsutvikling.

**3.-5. sept: Dyregoddagane,** M&R Bondelag med **stand**, Gjemnes 81 svarskjema

Fredag 3.: Arild Erlien og G Wentzel. Laurdag 4.: Arild Erlien. Sondag 5.: Janne Mork og G Wentzel

**4. september: Bygdedag i Halså,** stand ved Bondelaget, Gunnar Wentzel 40 svarskjema.

**8) Arbeids- og møteplan 2010**

(Dato ajourført: 16.12.2010)

Dato/Månad	Tiltak/Arrangement	Stad	Deltakarar/Ansvarlege
22. sept	Møte med Ap i M&R	Eide Derinngarden	AU
24. sept	Fylkesstyremøte	Molde	Styret – Forfall Audun?
5. og 6. Okt	Fylkesstyremøte og utferd over 2 dagar	Søre Sunnmøre	Styret og kontor. Før årsmøta
1. okt – 30. Nov	Medlemsvervingsaksjon	heile landet	Alle tillitsvalde
25.-27. Okt	Skattekurs	Molde Alex	Rekneskapsførarar samarb.avt.
NY 5. nov	<b>Styremøte før EU-konferanse</b>	Molde FK	Styret – Forfall Anne K
NY 5.-6. Nov	<b>EU-konferanse NTEU</b>	Molde Seilet	Styret/interesserte Forfall Birgit.
12.-13. nov	<b>Leiarmøte M&amp;R Bondelag</b>	Molde Alex	Styra i lokallaga, fylkeslaget
7.-8. des	<b>Fylkesstyremøte 2 heile dagar</b>	Skaret	Styret og kontoret + talspersonar
Januar	<b>Samling for nye unge medlemmer under 35 år</b>		
11. mars 2011	<b>Landbrukskonferansen BL, LNordvest,FMLA</b>	Molde Alex	Landbruksinteresserte
11.-12. Mars 2011	<b>Årsmøte M&amp;R Bondelag</b>	Molde Alex	Årsmøteutsendingar og gjestar
8.-9. Jun 2011	<b>Årsmøte Norges Bondelag</b>	Lillehammer	Årsmøteutsendingar

Audun ikkje måndagar

**Eigarskiftekurs på Stranda:** Mål om å få til i haust – utsett til no pga sjukdom

**Oversikt/invitasjonar/representasjon andre møter og arrangement:**

**13. sept: Møte i fornyingsutvalet** i Norges Bondelag, Oslo, Gunnar Wentzel.

**14.-15. Sept:** Norges Bondelag seminar i Oslo om Naturmangfaldlova og Regional Næringsutvikling. Inge Martin Karlsvik og Gunnar Wentzel.

**28.-29. Sept: Gjensidige Vest** møte i S&Fj. Inge Martin Karlsvik og Gunnar Wentzel.

**26.-27. Okt: FMLA Landbrukskonferansen** for adm i Geiranger. Wentzel, Erlie, Frantzen.

**Møtet heva kl 16.00**

**Gunnar K Wentzel og Arild Erlie – ref**